

NOTAT

Til: Styringsgruppa
Frå: Sekretariatet
Kopi: [Fyll inn]

Vedlegg nr. 5

Saksbehandlar/telefon: Erlend Otterå
[Fyll inn] / [Fyll inn]
Vår dato: 20.03.2026

Sak 15/26 Handlingsprogram 2027-2029

1. Bakgrunn

Prioriteringsrådet drøfta handlingsprogram 2027-2029 i sitt møte i februar, men treng meir tid før eit samla forslag til handlingsprogram kan bli lagt fram for styringsgruppa.

Fordi vi har fått frist 31. mars til å spele inn prosjekt over post 30 til statsbudsjettet, har prioriteringsrådet likevel blitt einige om eit forslag til bruk av post 30-midlar i handlingsprogrammet, og ei innbyrdes prioritering av prosjekta. Forslaget blir lagt fram for styringsgruppa i dette dokumentet.

Styringsgruppa må vedta bruk av post 30-midlar i dette møtet, for å rekke fristen til statsbudsjettet.

Forslag til handlingsprogram 2027-2029, utanom post 30-midlane, blir lagt fram i neste møte i styringsgruppa.

2. Post 30: Programområdemidlar riksveg, og kommunal og fylkesveg

Dei statlege programområdemidlane skal brukast på framkometiltak for kollektivtrafikk, sykling og gåing, som bidreg til å oppfylle nullvekstmålet. Midlane kan og nyttast til kommunale og fylkeskommunale gange-, sykkel- og kollektivtiltak, inkludert innfartsparkering. Det er føresett at bruken blir avgrensa til investeringar, og at ei slik prioritering blir vurdert som meir kostnadseffektiv eller aukar måloppnåinga i avtalen samanlikna med tiltak på riksveg. Finansiering over post 30 i det første året i handlingsprogrammet (2027), utgjer Miljøløftet sitt innspel til statsbudsjett 2027.

Tabellen nedanfor viser tilgjengelege midlar sett opp mot innspelte projektkostnadar for kvar kommune. Kolonnen «Handlingsrom 2027-2029» viser gjenståande midlar i byvekstavtalen som kan bli brukt til å starte nye prosjekt. Kolonnen «Innspel HP27-29» viser kostnadane til nye prosjekt i perioden 2027-2029. Avviket mellom desse kolonnane står i kolonnen «Differanse». I tillegg til kostnadane i 27-29, har ein del prosjekt eit restbehov etter 2029. Restbehovet står i den siste kolonnen.

Post 30	Handlingsrom 2027-2029	Innspel HP27-29	Differanse	Restbehov etter 2029
Bergen	1 102	788	314	1 370
Alver	257	73	184	28
Askøy	249	337	-88	131
Bjørnafjorden	92	97	-5	115
Øygarden	107	81	26	12
Sum	1 807	1 376	431	1 656

Den noverande byveksttalen går ut 2029. Samtidig er det eit samla restbehov på om lag 1,7 mrd. etter 2029. Ingen av dei nye prosjekta med kostnader i 2027 har restbehov. Det betyr at handlingsprogrammet i år kan bli vedtatt utan at ein bind opp midlar etter 2029. Ei avklaring om finansiering av restbehovet bør skje før neste rulling av handlingsprogrammet. Problemstillinga er nærmare belyst i sak 16/26 Overgang til reforhandla byveksttale – spørsmål til avklaring.

Som tabellen viser, har Askøy og Bjørnafjorden spelt inn prosjekt for meir enn handlingsrommet i perioden. Dei andre kommunane har nok gjenstående midlar til alle prosjekt.

3. Innspel til bruk av post 30

Prosjekta som er føreslått til handlingsprogrammet 2027-2029 over post 30, er lista i tabellane under. Den første tabellen viser prosjekt med bindingar, det vil seie prosjekt som har fått løyving i statsbudsjettet tidlegare, og som staten har forplikta seg til vidare finansiering av. [Desse vil derfor vere med i handlingsprogram 2027-29.](#)

Prosjekt med bindingar:

Kommune	Prosjektnamn	Kostnad 27-29	2027	2028	2029	Restbehov etter 2029
Bergen	Sykelstamveg Bergen, delstrekning 2, Nesttun-Skjold	13 000	13 000	-	-	-
Bergen	Sykelstamveg Bergen, delstrekning 6, Bradbenken – Glass Knag	7 700	7 700	-	-	-
Bergen	Johan Berentsens vei - etablering av fortau	33 152	23 734	9 418	-	-
Øygarden	Skogsskiftet sentrumsområde	111 700	29 000	48 600	34 100	1 620
Øygarden	Bildøyvegen/Straumsundet bru	194 683	27 039	91 934	75 710	10 764
Bjørnafjorden	Etablering av trafikkikker- og attraktiv GS-løysing langs Hatvikvegen	7 035	7 035	-	-	-
Alver	Ostereidet/Lindsdalen, fortau	21 965	21 155	810	-	-
Alver	Fv5452 Leknesvegen, fortau og avkørslesanering	4 600	4 600	-	-	-
Totalsum		393 835	133 263	150 762	109 810	12 384

Dei resterande tabellane er alle andre prosjekt fordelt per kommune, og sortert først etter måloppnåing og deretter modenheit. Kostnadskolonnen viser berre planlagde kostnader over post 30 i perioden 2027-2029. [Dette er prosjekt som styringsgruppa kan velje å prioritere inn i handlingsprogrammet 2027-29.](#)

Prosjekt i Alver:

Prosjektkostnadane i 2027-2029 ligg innanfor handlingsrommet i perioden, og det er derfor rom til å prioritere alle prosjekta i handlingsprogrammet.

Prosjektnamn	Modenheit	Måloppnåing	Kostnad 27-29	2027	2028	2029	Restbehov etter 2029
Handlingsrom til nye prosjekt i handlingsprogram 27-29			257 000				
E39 x Fv.564 på Flatøy i Alver kommune	4	9	45 000	5 000	40 000	-	-
Fv5474 Seim, fortau og avkørslesanering	2	8	25 000	-	-	25 000	12 200
Fv5452 Hillesvåg-Apalen, etablering av G/S-veg	2	5	3 000	-	-	3 000	16 250
Totalt			73 000	5 000	40 000	28 000	28 450

Prosjekt i Bjørnafjorden:

Bjørnafjorden har spelt inn for meir enn handlingsrommet. Avviket er likevel relativt lågt (5 millionar), og det er knytt usikkerheit rundt kostnadane i nokre av prosjekta, som betyr at tala sannsynlegvis vert endra ved neste rullering av handlingsprogrammet. Prioriteringsrådet har drøfta dette og tilrår at alle prosjekta i Bjørnafjorden blir prioritert.

Prosjektnamn	Modenheit	Måloppnåing	Kostnad 27-29	2027	2028	2029	Restbehov etter 2029
Handlingsrom til nye prosjekt i handlingsprogram 27-29			92 000				
Hauge–Osøyro	2	9	15 000	-	-	15 000	114 500
Oppgradering holdeplasser E39 Bjørnafjorden	4	8	1 850	600	1 250	-	-
Innfartsparkering og kollektivterminal Osøyro	3	7	80 000	-	20 000	60 000	-
Totalt			96 850	600	21 250	75 000	114 500

Prosjekt i Askøy:

Det er spelt inn prosjekt for meir enn handlingsrommet for Askøy. Prioriteringsrådet diskuterte dette, og foreslår at prosjektet «Kv 1212 gang- og sykkelveg Kollevågvegen (Tveit-Ravnanger)» ikkje blir prioritert i denne omgang. I etterkant av møtet i prioriteringsrådet har sekretariatet oppdaga at handlingsrommet for Askøy var mindre enn først antatt. Det betyr at sjølv utan prosjektet i Kollevågvegen vil projektkostnadane vere åtte millionar meir enn handlingsrommet.

Sekretariatet vil peike på at avviket er relativt lågt. Samtidig er det knytt usikkerheit rundt kostnadane i nokre av prosjekta, som betyr at tala sannsynlegvis vert endra ved neste rullering av handlingsprogrammet. Sekretariatet foreslår derfor at styringsgruppa prioriterer alle dei øvrige prosjekta, og dermed følgjer same framgangsmåte her som den prioriteringsrådet konkluderte med å tilrå for Bjørnafjorden kommune som er i ein relativt lik situasjon.

Prosjektnamn	Modenheit	Måloppnåing	Kostnad 27-29	2027	2028	2029	Restbehov etter 2029
Handlingsrom til nye prosjekt i handlingsprogram 27-29			249 000				
<i>Prosjekt foreslått til prioritering i HP27-29:</i>							
Kv 1156 Skarholmvegen	3	9	36 743	5 175	31 568	-	-
Innfartsparkeringsanlegg Løfjellet	3	9	100 000	-	-	100 000	65 600
Fv 5256 Erdalsvegen	2	9	67 200	-	25 200	42 000	50 500
Fortau langs Erdalsvegen ved kryss Erdal barneskole og kryss Erdal ungdomsskole	2	9	15 525	-	15 525	-	-
Nordre Hauglandsveg	3	8	38 000	-	15 000	23 000	3 850
Delsum, foreslått prioritering			257 468	5 175	87 293	165 000	119 950
<i>Ikkje foreslått til prioritering i HP27-29:</i>							
Kv 1212 gang- og sykkelveg Kollevågvegen (Tveit - Ravnanger)	2	9	80 000	-	30 000	50 000	11 500
Totalt			337 468				

Prosjekt i Bergen:

Prosjektkostnadane i 2027-2029 ligg innanfor handlingsrommet i perioden. Det er derfor rom til å prioritere alle prosjekta i handlingsprogrammet. Prosjektet «Innfartsparkering Åsane terminal» har ikkje poengsum for måloppnåing og modenheit fordi prosjektet vart levert etter at arbeidsgruppene i Miljøløftet vurderte prosjekta.

Prosjektnamn	Modenheit	Måloppnåing	Kostnad 27-29	2027	2028	2029	Restbehov etter 2029
Handlingsrom til nye prosjekt i handlingsprogram 27-29			1 107 000				
Storetveitvegen, Hagerups vei-Minde Alle	4	9	96 180	-	44 830	51 350	21 070
Paradis 2. byggetrinn	3	9	66 200	-	24 800	41 400	68 700
Mindemyren, byggetrinn 2	3	9	35 000	-	5 000	30 000	224 785
Årstad, Storetveitvegen (Hagerups vei-Fantoft), sykkelanlegg	3	9	18 000	-	3 000	15 000	203 950
KV5294 Reianevegen gang- og sykkelbro over Storelva	3	9	30 000	10 000	20 000	-	-
Sykelstamveg Bergen, delstrekning 5B, Fjøsangerveien/Sotheimsgaten-Fabrikkgaten	3	9	65 000	-	5 000	60 000	59 222
Sykelstamveg Bergen, delstrekning 4A, Fjøsanger-Kanalveien	2	9	60 000	-	5 000	55 000	239 596
Sykelstamveg Bergen, delstrekning 4B, Kanalveien-Kristianborg	2	9	5 000	-	-	5 000	141 000
Nattlandsveien, Wiers-Jenssens vei-Hagerups vei	2	9	20 000	-	-	20 000	146 900
Vilhelm Bjerknes' vei	2	9	5 000	-	-	5 000	6 900
Nymark øst. Sykkelprioriterte gater og tilpassing av kjøremønster	4	8	25 000	25 000	-	-	-
Wiers-Jenssens vei. Fremkommelighet og sikkerhet	3	8	64 950	3 000	30 000	31 950	-
Gabriel Tischendorfs vei, Frydenbølien og Gyldenprisveien. Sikkerhet og fremkommelighet.	3	8	67 275	17 595	24 840	24 840	-
Bjørndalsbakken bro. Økt framkommelighet for myke trafikanter.	3	8	31 050	-	15 525	15 525	-
Sykelstamveg Bergen, delstrekning 3A, Nesttun-Hop	3	8	45 000	-	5 000	40 000	175 295
Grimstadvegen	3	8	55 000	-	5 000	50 000	82 300
Sykelstamveg Bergen, delstrekning 3B, Hop-Fjøsanger	4	6	20 500	2 000	18 500	-	-
Gang- og sykkelveg Ytre Arna - Breistein	3	6	9 107	517	8 590	-	-
Innfartsparkering Åsane terminal	-	-	69 750	-	35 250	34 500	-
Totalt			788 012	58 112	250 335	479 565	1 369 718

Prosjekt i Øygarden:

Prosjektkostnadane i 2027-2029 ligg innanfor handlingsrommet i perioden, og det er derfor rom til å prioritere alle prosjekta i handlingsprogrammet.

Prosjektnamn	Modenheit	Måloppnåing	Kostnad 27-29	2027	2028	2029	Restbehov etter 2029
Handlingsrom til nye prosjekt i handlingsprogram 27-29			107 000				
Miljøgate Ågotnes - delstrekning 1	4	8	70 100	3 000	30 000	37 100	-
Akse Straume sjøfront til Varden	2	8	10 850	5 450	5 400	-	-
Totalt			80 950	8 450	35 400	37 100	-

Prosjekt i heile avtaleområdet:

Prosjektet «Oppgradering haldeplassar langs riksveg» gjeld oppgradering av haldeplassar i heile avtaleområdet, og er ikkje knytt opp til post 30-potten for ein kommune. Prioriteringsrådet tilrår at prosjektet blir prioritert i handlingsprogrammet, og at handlingsrommet for kvar kommune blir justert til neste år basert på kor det har blitt gjort oppgraderingar. Statens vegvesen vil også legge fram ei prioritert liste over konkrete tiltak innanfor potten, der det kjem fram kostnadar for kvar kommune.

Prosjektet manglar poengsum for måloppnåing og modenheit fordi prosjektet vart levert etter at arbeidsgruppene i Miljøløftet vurderte prosjekta.

Prosjektnamn	Kostnad 27-29	2027	2028	2029	Restbehov etter 2029
Oppgradering holdeplasser langs riksveg	8 000	2 000	3 000	3 000	-

Oppsummert: Innspel til statsbudsjett og handlingsprogram:

Med forslaget til prioritering av post 30-prosjekt som kjem fram av tabellane ovanfor, vil det samla innspelet til statsbudsjettet 2027 vere på 212,6 millionar kronar, der 79,3 mill. er knytt til nye prosjekt.

4. Innbyrdes prioritering av post 30-prosjekt

Post 30-prosjekta som i handlingsprogrammet har kostnadar i 2027, blir Miljøløftet sitt innspel til statsbudsjett 2027. Dei årlege tildelingane i statsbudsjettet kan likevel bli lågare enn det som blir spelt inn. Viss tildelingane i 2027 blir lågare enn innspelet, kan midlane bli fordelt med utgangspunkt i ei prioritert rekkefølge av prosjekta. Tidlegare har Statens vegvesen gjort denne prioriteringa. Vi legg no opp til at partane i Miljøløftet gjer den innbyrdes prioriteringa sjølv.

Forslaget til prioritert liste er satt opp med utgangspunkt i kriteria som blei vedtatt i styringsgruppa sak 63/25 *Forslag til prinsipp for prioritering mellom prosjekt (post 30-66-midlar)*. Det vil seie at prosjekta er prioriterte først etter måloppnåing, deretter modenheit, og til slutt etter kor mykje gjenstående midlar kvar kommune har igjen. Prosjekt med bindingar er ikkje inkludert, då dei uansett vil få løyve i statsbudsjettet. Lista har vore tatt opp i prioriteringsrådet, som tilrår å vedta denne prioriterte rekkefølga.

Prosjektet «Oppgradering av haldeplassar langs riksveg» vart ikkje inkludert i lista då den vart diskutert i prioriteringsrådet. Sekretariatet vil peike på at prosjektet har blitt etablert i samråd med alle partane for å kunne oppgradere haldeplassar i heile avtaleområdet. I tillegg er beløpet relativt lågt (åtte millionar), og vil derfor ikkje påverke framtidig handlingsrom til kommunane i særleg stor grad. Sekretariatet føreslår derfor å prioritere prosjektet først i den innbyrdes prioriteringa.

Det er viktig å understreke at sjølv om prosjekta blir sett opp i prioritert rekkefølge, er innspelet til statsbudsjettet at alle prosjekta får løyving.

Prosjektnamn	Modenheit	Måloppnåing	Kostnad 27-29	2027	2028	2029	Restbehov etter 2029
Oppgradering holdeplasser langs riksveg			8 000	2 000	3 000	3 000	-
E39 x Fv.564 på Flatøy i Alver kommune	4	9	45 000	5 000	40 000	-	-
Kv 1156 Skarholmvegen	3	9	36 743	5 175	31 568	-	-
KV5294 Reianevegen gang- og sykkelbro over Storelva	3	9	30 000	10 000	20 000	-	-
Miljøgate Ågotnes - delstrekning 1	4	8	70 100	3 000	30 000	37 100	-
Oppgradering holdeplasser E39 Bjørnafjorden	4	8	1 850	600	1 250	-	-
Nymark øst. Sykkelprioriterte gater og tilpasning av kjøremønster	4	8	25 000	25 000	-	-	-
Wiers-Jenssens vei. Fremkommelighet og sikkerhet	3	8	64 950	3 000	30 000	31 950	-
Gabriel Tischendorfs vei, Frydenbølien og Gyldenprisveien. Sikkerhet og fremkommelighet.	3	8	67 275	17 595	24 840	24 840	-
Akse Straume sjøfront til Varden	2	8	10 850	5 450	5 400	-	-
Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 3B, Hop-Fjøsanger	4	6	20 500	2 000	18 500	-	-
Gang- og sykkelveg Ytre Arna - Breistein	3	6	9 107	517	8 590	-	-

5. Vegen vidare

Denne saka omhandlar bruk av post 30-midlar i handlingsprogram 2027-2029. Prioriteringsrådet vil drøfte dei andre finansieringskjeldene, og eit forslag til eit heilskapleg handlingsprogram blir lagt fram for styringsgruppa i neste møte, 24. april. Partanes lokalpolitiske organ bør vedta handlingsprogrammet innan sommaren.

6. Forslag til vedtak

Styringsgruppa sluttar seg til Miljøløftet sin bruk av post 30-midlar i handlingsprogram 2027-2029, i tråd med saksframlegg og eventuelle endringar som kjem i møtet. År 1 i handlingsprogrammet (2027) blir Miljøløftet sitt innspel til statsbudsjettet 2026. Styringsgruppa sluttar seg til den innbyrdes prioriteringa av post 30-prosjekta som er foreslått i saka.

Samla handlingsprogram 2027-2029 blir handsama i neste møte.